



Møteprotokoll

Utval	Utval for klima, miljø og beredskap
Møtestad	Møterom Trå og Skjeldal
Dato	29.04.2026
Tidspunkt	kl 15:00 - 18:00

Frammøtte

Asgeir Løno
Karl Atle Knapskog
Kariann Slettemark
Lars Tore Rogne
Tonje Opkvitne
Helena Elvatun
Kari Nestaas Ruud
Margrethe Alm

Parti

Ap
Ap
H
H
Mdg
Sp
Sp
Sv

Forfall

Kenneth Myhre

Parti

INP

Varamedlem

Astrid Rongen

Parti

V

Andre som møtte

Anne Arneberg
Hans-Erik Ringkjøb
Karianne Finne
Lina Hamre

Stilling

Konsulent
Kommunalsjef tekniske tenester
Næringssjef
Klima- og miljørådgjevar

Protokollfører:

Hans-Erik Ringkjøb

Møtenotat

Helena Elvatun permisjon frå kl 15.15 - 15.45

Astrid Rongen kom til kl 15.50 og var tilstades under sakshandsaminga frå sak 19/26

Lina Hamre, klima- og miljørådgjevar orienterte om tilsegner Voss herad har fått pr.29.04.2026:

- Mogleighetsstudie ombrukssentral på Voss, 300 000 kr
- Redningsaksjon stadeigen natur, 270 000 kr
- Kartleggja og verdsetja restaurerbar natur, 350 000 kr
- Kartlegging av hummarbestanden i Hardangerfjorden, 500 000 kr
- Overvatnets ville vegar på Voss, 650 000 kr
- Ombruk av trevirke (det SINTEF-leia prosjektet, Reclaimit, har fått EU Horisont-midlar), 800 000 kr/tre år

Hans-Erik Ringkjøb:

- Presentasjon av ENØK tiltak i Voss herad.
- Informasjon om drivstoff HVO100. Sak lagt på is til 2027.
- Informasjon om BOF

Presentasjonar vist i møte kan du finna her [Presentasjonar i politiske råd og utval 2026 - Voss herad](#)

Margrethe Alm

Leiar i Utval for klima, miljø og beredskap

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
IM-03/26	Informasjon til møte i Utval for klima, miljø og beredskap 29.04.2026
PS-17/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
PS-18/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-19/26	Besøksstrategi i Voss herad
PS-20/26	Delegering av tilsynsmynde etter forureiningslova frå Voss herad til BIR
PS-21/26	Vinelva minikraftverk - høyringsuttale frå Voss herad til førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt
PS-22/26	Samlesak for delegerte saker
PS-23/26	Samlesak for referatsaker
PS-24/26	Ymse

03/26 Informasjon til møte i Utval for klima, miljø og beredskap 29.04.2026

Informasjon og agenda:

Kallar med dette inn til møte i Utval for klima, miljø og beredskap 29.04.2026 kl 15.00 i møterom Trå og Skjeldal på Tinghuset.

Vara vert kalla inn til møte ved forfall. Lovleg forfall vert å melde via [Møteportal+](#)

Det vert møte i Prestegardsmofondet i forkant av dette møtet, sjå eigen innkalling.

Agenda:

Tema	Ansvarleg	Tid
Prestegardsmofondet STI	Margrethe A	15.00
Møtet er sett UKMB	Margrethe A	15.15
Orientering om Besøkstrategi	Kaia F	15.20 - 16.20
Pause		
Ljos i gamle hus	Anne A	16.30 - 16.45
Orientering om Bergen og omland friluftsråd	Nils Helge K	16.45 - 16.55
Generell informasjon frå kommunalavdeling teknisk, BOF, HVO, ulike tilsegner m.m	Hans-Erik R	16.55 - 17.10
Sakshandsaming	Margrethe A	17.10 - 18.00

Voss 17.04.2026

Margrethe Alm

Leiar Utval for klima, miljø og beredskap

Utval for klima, miljø og beredskap 29.04.2026

Handsaming

UKMB - 03/26 Vedtak

17/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Utval for klima, miljø og beredskap 29.04.2026

Handsaming

Det vart røysta over framlegg til vedtak. Samrøystes med 8 røyster.

UKMB - 17/26 Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

18/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

Utval for klima, miljø og beredskap 29.04.2026

Handsaming

Det vart røysta over framlegg til vedtak. Samrøystes med 8 røyster.

UKMB - 18/26 Vedtak

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

19/26 Besøksstrategi i Voss herad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for klima, miljø og beredskap vedtek å leggja «Besøksstrategi for Voss herad» ut til høyring og offentlig ettersyn.

Utval for klima, miljø og beredskap 29.04.2026

Handsaming

Margrethe Alm stilte spørsmål om gildskap då ho har vore medlem i referansegruppe i arbeidet med besøksstrategien. Funne gild.

Det vart røysta over rådmann sin innstilling i saka. Samrøystes vedteke.

UKMB - 19/26 Vedtak

Utval for klima, miljø og beredskap vedtek å leggja «Besøksstrategi for Voss herad» ut til høyring og offentleg ettersyn.

20/26 Delegering av tilsynsmynde etter forureiningslova frå Voss herad til BIR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Voss herad ynskjer å delegera tilsynsmynde til BIR AS etter forureiningslova § 83, og gjev med dette rådmann fullmakt til å formalisera delegeringa gjennom avtale med BIR AS.

Utval for klima, miljø og beredskap 29.04.2026

Handsaming

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

UKMB - 20/26 Vedtak

Voss herad ynskjer å delegera tilsynsmynde til BIR AS etter forureiningslova § 83, og gjev med dette rådmann fullmakt til å formalisera delegeringa gjennom avtale med BIR AS.

Saksordførar Kari Nestås Ruud

21/26 Vinelva minikraftverk - høyringsuttale frå Voss herad til førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i at Vinelva minikraftverk er planlagd i ein verna del av Nærøydalselvi, at det er kjende naturverdiar i området kring Vinelva og at det nyleg er påvist store naturverdiar ved andre fossar i

Nærøydalen, ynskjer Voss herad at utbyggjar må søkja konsesjon for Vinelva minikraftverk slik at naturverdiar vert kartlagde og vurderte.

Utval for klima, miljø og beredskap 29.04.2026

Handsaming

Alternativt forslag til vedtak, foreslått av Kari Nestaas Ruud, Senterpartiet

Med bakgrunn I at Vinelva minikraftverk er planlagt i ein verna del av Nærøydalselvi, at det er kjende naturverdiar i området kring Vinelva og at det nyleg er påvist store naturverdiar ved andre fossar i Nærøydalen, ynskjer Voss herad at utbyggjar må kartlegga og legge fram ei vurdering av naturverdiar i vidare handsaming av Vinelva minikraftverk.

Rådmann sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot alternativt framlegg til vedtak. Alternativt framlegg til vedtak vedteke med 5 mot 4 røyster. (SP 2, H 2, Ap 1)

UKMB - 21/26 Vedtak

Med bakgrunn I at Vinelva minikraftverk er planlagt i ein verna del av Nærøydalselvi, at det er kjende naturverdiar i området kring Vinelva og at det nyleg er påvist store naturverdiar ved andre fossar i Nærøydalen, ynskjer Voss herad at utbyggjar må kartlegga og legge fram ei vurdering av naturverdiar i vidare handsaming av Vinelva minikraftverk.

22/26 Samlesak for delegerte saker

Dei delegerte vedtaka vert tatt til orientering.

Utval for klima, miljø og beredskap 29.04.2026

Handsaming

Det vart røysta over rådmann sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

UKMB - 22/26 Vedtak

Dei delegerte vedtaka vert tatt til orientering.

23/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene vert tatt til orientering.

Utval for klima, miljø og beredskap 29.04.2026

Handsaming

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

UKMB - 23/26 Vedtak

Referatsakene vert tatt til orientering.

24/26 Ymse

Utval for klima, miljø og beredskap 29.04.2026

Handsaming

UKMB - 24/26 Vedtak